



STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I HORDALAND
Salhusvegen 201
5107 SALHUS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

Utbetaling av tilskot til trua naturtypar 2022 - skjøtsel av kystlynghei og investering i utstyrved Lyngheisenteret i Alver kommune.

Museumssenteret i Hordaland får tilskot til skjøtselstiltak og utstyrskjøp. Tilskotet på 350.000 kroner blir utbetalt med det første.

Vi viser til søknaden din om 351.688 kroner til skjøtsel av verdifull kystlynghei på Lygra og Lurekalven.

Statsforvaltaren si vurdering og vedtak

Skjøtselen i området er i tråd med dei skjøtselsråda som gjeld for skjøtsel av kystlynghei og med skjøtselsplanen som er under arbeid.

Beløpet det blir søkt om er høgre enn om vi skulle ha nytta dei satsane vi har etablert for skjøtsel av kystlynghei. Museumssenteret driv på andre premisser enn private grunneigarar og vi er samde om at dette er meir kostnadskrevjande enn vanleg drift. Vi ser òg verdien av at lyngheisenteret er eit kompetansesenter for lyngheidrift for heile landet, og driv aktivt med formidling og kunnskapsoverføring. **De får derfor tildelt 250.000 kroner**, slik de har søkt om for skjøtsel av areala. Dette er om lag same beløp som er tildelt tidlegare, og vi veit av erfaring at det er bruk for eit beløp med denne storleiken.

I tillegg har de søkt om 100.000 kr til innkjøp av ei Brielmaier-maskin som kan gå i ulendt og bratt terreng. Dette er ein tohjulstraktor med lågt tyngdepunkt, som er skånsam mot undervegetasjonen og marka, og som det kan monterast ulike reiskapar på. Krattknusaren fungerer godt både på einstape og lågt kratt som vier, einer og gamal lyng. Dette vil vere nyttig hjå dykk som har brukt mykje tid på å fjerne einstape årleg. Det er også fleire som no er interesserte i å få prøvd ut ei slik maskin i kystlandskapet, både bønder og forvaltning/ forskning, Maskina vil vere grei å leige ut til dei som er interesserte, sidan ho enkelt kan lastast på hengar. Ei slik maskin vil dermed komme fleire enn dykk til gode. Sjølv om vi på grunn av eit knapt tilskotsbudsjett for truga naturtypar i år i svært liten grad kan gje støtte til utstyrskjøp, legg vi vekt på den spesielle rolla som lyngheisenteret har, og



at denne maskina vil kome mange til gode. **Vi støttar derfor dette maskinkjøpet med 100.000 kr slik det er søkt om.**

På grunn av storleiken både på innkjøpet og det faste, årlege arbeidet lyngheisenteret gjer, er det praktisk at heile tilskotssummen blir utbetalt utan unødig venting.

Tilskotssummen, kr 350.000, blir derfor overført til kontonummer 3625.19.69684 med det første.

Vi meiner at dei planlagde tiltaka berre vil ha positive verknader for naturmangfaldet, jf. krav til vurdering i naturmangfaldlova § 7, og ser difor ikkje grunn til å kommentere dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 nærare.

Krav til rapportering og rekneskapsplikt

Sluttrapport skal registrerast i elektronisk søknadssenter seinast 1. oktober 2022.

For dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal bilag takast vare på i minst 5 år etter avslutting av rekneskapsåret.

Riksrevisjonen og Statsforvaltaren har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert brukt i samsvar med føresetnadene.

Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom det er utbetalt på feilaktige premissar.

Rett til å klage på vedtaket

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG